



Ronny Lakselv kjem med tilbod om direktesendte kommunestyremøte. (Foto: Ola Matti Mathisen)

TV Sydvest ved dagleg leiar Ronny Lakselv frå Uskedalen tilbyr kommunen direkteoverføring av alle kommunestyremøta. Forslaget hans er at det blir inngått ei avtale om ein prøveperiode på eit halvt år for deretter å evaluera tiltaket.

TV Sydvest har tidlegare gjennomført ein test med direktesending av eit kommunestyremøte og konkludert med at dette let seg gjennomføra på tilfredsstillande vis.

Lakselv held fram at eit slikt tilbod vil vera av stor verdi for den enkelte og for kommunen, På denne måten får ein gjeve direkte og fullstendig informasjon om kva som blir teke opp på møta og korleis. På denne måten styrkjer ein engasjementet rundt det politiske arbeidet, noko som er naudsynt i Kvinnherad.
- Direktesendte kommunestyremøter vil kanskje også styrkje bevisstheita i rolla som dei folkevalde har som representantar for folket, skriv Lakselv.

Det er no 2.500 som kan sjå TV Sydvest og ein ventar at talet vil auka til 3.400 i år. I tillegg kjem offentlegeinstitusjonar og alle som har tilgang til internett via ein datamaskin.

Kostnaden for eit møte blir 7.500 kroner og så kjem meirverdiavgift i tillegg. Lakselv lovar eit produkt som held høg kvalitet. Det blir ein trekameraproduksjon samt eit opptak lagt ut same kveld på internett. Kommunen vil måtte stilla eit rom til disposisjon for lyd og billedmiks under sendingane.

Av Ola Matti Mathisen